



## Søknad om tilskot til lokalt trafikksikringsarrangement - 2016

Elektronisk adresse: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

Søknad merkast med: "Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement – søknad om tilskot (FTU)  
– ref. 2014/1230"

Stad og dato:.....Husnes 12.01 16 .....

Søknaden gjeld følgjande type arrangement og trafikantar	Set kryss
1. Fotgjengar	
2. Sykkel	
3. Fart og rus	x
4. Barnehage	
5. Barneskule og ungdomsskule	
5. Vidaregåande skule	x
6. Vaksne	
7. Eldre	

Særskilde satsingsområde i Handling for trafikksikring i Hordaland perioden 2014-2017	Set kryss
Trafikksikringsarbeid i kommunane	x
Møteulukker utanfor tettbygde strok	
Mjuke trafikantar i byområde	

Namn på tiltaket	
Namn på søkjar Kvinnherad vidaraåand skule	Organisasjonsnummer 974778564
Adresse Opsangervegen 160	Postnummer og poststad 5460 Husnes
Kontaktperson Gry Hege Grønningen	Kontonummer 52020801093
E-post <a href="mailto:grygron@kfk.no">grygron@kfk.no</a> kvv@hfk.no	Telefon 53475700
<b>Totalkostnad</b> <b>72000</b>	<b>Søknadssum</b> <b>54000</b>

Skildring av prosjektet:

Trafikktryggleisdag:

**Målet med prosjektet:**

Engasjera, førebyggja og motivera ungdom i aldersgruppa 16-17 (18) år til engasjert fokus for trafikkarbeid.

Motivera ungdom til og læra og "seia frå".

Gjera trafikktryggleisdagen spanande og engasjerande for kvar enkelt skuleelev.

Visa/ demonstrera nye tiltak i trafikkarbeidet, som kan engasjera ungdomen.

Bruka media og få mediaomtale (dette har vi fått kvart år).

KVV arrangerer kvar år ein trafikktryggleisdag

ca. 200 elevar i alderen 16-17 år, er hovudmålgruppa.

Trafikktryggleisdagen føregår over ein skuledag. Ein har felles samling med elevar, med føredrag frå ulike etatar. Deretter vert det fleire postar kor dei ulike etatane demonstrer bruk av førstehjelp, brannsløkking, promilletest m.m. og kor elevar får prøva seg sjølve. Det at skuleelevane sjølv "får prøva seg", har vore viktig for oss. Til dette treng vi utstyr og ikkje minst fornya oss i ei riktig og fornuftig retning i trafikkarbeidet.

Korleis er arrangementet med på å styrke trafikktryggleiken?

Dei alvorlege trafikkulukkene har ein ikkje hatt dei siste åra i Kvinnherad kommune. Me meiner at eit aktivt trafikkarbeid til ungdom i vidaregåande skule, er ein viktig faktor i trafikkarbeidet. Trafikktryggleisdagen er eit viktig arrangement i dette arbeidet.

**Progresjon i trafikksikringsarbeidet**

I Kvinnherad har vi vegar som er mykje knytt nært til fjord (sjø, vatn) og fjell. Det er lengre vegstrekningar kor vi har relativt mykje jord- og snøras kor vegstrekningar har vorte stengte. Vi har hatt ein progresjon i søknad om tilskot og kva ein har nytta midlar på. Vi har hatt fokus på trafikkulukker som skjer i samband med sjø, vatn og ras, noko som har gjeve god læring og stor interesse frå redningsetatar og skuleelvar.

I 2016 vil me og fokusera på kva folk kan gjera når dei kjem fram til ein ulukkesstad kor ein har kjørt/hamna i sjø/vatn og det trengs redningsmannskap til bruk for hjerte- og lungeredning, i nær samarbeid med andre naudetatar. Dei siste åra har me fått tilskot til materiell for øving, som gjer dette mogeleg. Vi vil ha eit fokus på korleis publikum kan redde liv og kva hjelpemidlar ein har i distriktet og korleis ein kan stabilisera og førebyggja større skadar.

Me ynskjer engasjera elevar i demonstrasjon for trafikkulukka, slik som tidlegare år. Vi treng kranbil og bilvrak til denne demonstrasjonen på skulen.

Brann- og redning har kvart år hatt demonstrasjon og øving med brannsløkkingsapparat. Vi ynskjer og kjøpa inn slike til øving.

På denne dagen har vi og quiz. Denne må elevane løysa på dei ulike postane som vi har og dei må svara på spørsmål ut frå teoridelen vi har. For å engasjera og motivera elevane til dette, vil vi ha gåvekort som premie, ev.i-pad

I fjor kjøpte vi nøkkelringar med pusteduk. Desse var populære. Vi ynskjer i år å kjøpa t-skjort med logoen til fylke og eit slagord som har med trafikksikring å gjera

**Vi søker om midlar til:**

1. Ein skredsøklarar til demonstrasjon for elevar om korleis denne kan nyttast etter savna i jord-og snøskred over veg, til øving og demonstrasjon.
2. T-skjorter med trykk

3. Kranbil og eit til bilvrak til øving/ demonstrasjon på skulen.
4. Brannsløkkingsapparat til øving- og demonstrasjon på skulen – brann på ulykkesstad.
5. Hjertestartar (mobil) – til bruk til demonstrasjon for skuleelvar og andre målgrupper.
6. Matsservering/lunsj til samarbeidspartnarane
7. Premie quiz

Samarbeidspartnarar – korleis deltek dei?

Tiltaket er eit samarbeidsprosjekt mellom kommune, skule og andre etatar som lege, ambulanse, brann- og redning, Statens vegvesen m.fl. Politiet har ei sentral rolle i samarbeid med skulen om dette prosjektet, som vi har hatt kvart år dei siste åra.

Har det vore søkt om midlar til dette arrangementet tidlegare.

Ja       Nei

Planlagt start  
Juni 2016(ikkje bestemt dato)

Planlagt slutt  
Juli 2016(ikkje bestemt dato)

Namn på kommune og stad der arrangementet skal gjennomførast  
Kvinnherad kommune Kvinnherad vidaregåand skule

#### Budsjett med finansieringsplan; spesifiser inntekter og utgifter

Type midlar	Utgifter	Inntekter
Bilvrak		5.000
Kranbil (transport av bilvrak,		15.000
T-skiorter/profilering		20.000
Skredsøkjjarar		5.000
Brannsløkkingsapparat		5.000
Hjertestartar - demonstrasjon		4.500
Oksygen m/pustemaske		4.500
Matsservering/lunsj til		6.000
Premie quiz		7.000
Sum		62000
*Eigenandel, min. 25% (ved totalkostnad over 30.000 kr): Personalkostnader	18000	
<b>Søknadssum:</b>	54000	
<b>Totalkostand:</b>	72000	

\*Personalkostnader/eigeninnsats vert rekna med timepris som utgjer 1,2 ‰ av årslønn, maks kr 1100 pr time, dette inkluderer normale administrative kostnader og andre overheadkostnader.

**Meir informasjon om tilskotsordninga og søknaden**

Søknadsfrist to gonger i året. Det må søkjast på eige skjema.

Rett til å søkje: Kommunar, skular, barnehagar, lag/foreningar/organisasjonar.

Arrangement med ei kostnadsrâme på over 30.000 kr har krav om ein eigenandel på minimum 25%.

Tilskotsmidlane kan ikkje dekkje administrative kostander og andre driftsutgifter.

Om søknaden ikkje er fullstendig utfylt, eller det manglar relevante opplysningar, kan det ventast at den ikkje vert handsama.

**Meir informasjon rapportering og utbetaling**

Søkjarar som får innvilga tilskot, skal levere kortfatta rapport på eige skjema for bruk av tilskotet, samt eit rekneskap. Dette skal gjerast så snart arrangementet er avslutta, men seinast innan 2 månader etter arrangementet er avslutta. Dersom rapport ikkje er levert innan fristen er det grunnlag for at evt. søknad ved seinare høve ikkje vert handsama.

Utbetaling av tilskotet skjer når rapporteringsskjema med rekneskap er sendt inn.